



Austevoll kommune

Hordaland fylkeskommune

Vår ref. 15/1-15/269JpID/RMK	Arkivkode 15/1	Dykkar ref.	Dato 08.01.2015
--	--------------------------	--------------------	---------------------------

Betalingsavtale for ferje B, Hufthamar - Krokeide

Eg synar til dei siste dagars utvikling vedrørande ferjesambandet mellom Hufthamar og Krokeide. Austevollsamfunnet er no rysta over nyhenda om at Hordaland fylkeskommune har vedtatt å nytta opsjonen på dagens kontrakt, som går ut 31.12.2016, slik at kontrakten vert forlenga eit år til 31.12.2017.

Austevoll kommune har, ved ordførar og næringslivsrepresentantar, lenge arbeidd for at denne opsjonen ikkje vert nytta. Dette fordi kontraktsgrunnlaget slik det er i dag, diverre ikkje er holdbart for Austevoll kommune sine innbyggjarar og næringsliv. Dette går på tryggleiken til innbyggjarane laus, og næringslivet har altfor lite føreseielege råmer. Dette har vore tydeleg bodskap frå Austevoll kommune i både møter og skriftleg korrespondanse med Hordaland fylkeskommune.

For å betra vilkåra noko i høve opphaveleg utkast til kontrakt, gjekk Austevoll kommune inn på ei avtale om spleiselag med Hordaland fylkeskommune for ferje 2, som dermed gav oss fleire avgongar pr dag. Austevoll sin del i dette spleiselaget, har til no vore delfinansiert av næringslivet i kommunen. Eg har i dag fått informasjon om at denne medfinansieringa frå næringslivet vil opphøyra. Næringslivet vil ikkje lenger betala for noko ein føler ein ikkje får. Grunnlaget for spleiselaget er dermed ikkje til stades lenger, og dermed må og eg stilla spørsmål om kommunen si medfinansieringsrolle. Som eit strakstiltak, stoggar eg no alle utbetalingar vedrørande ferje 2 frå Austevoll kommune.

Eg ber om eit møte snarast råd for å drøfta framtidige løysingar for ferjesambandet Hufthamar-Krokeide.

Med helsing

Renate Møgster Klepsvik
Ordførar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.

